

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 07.06.2006
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORTERING PR. 30 APRIL 2006

Styresak 052/06 B

Styremøte 20.06. 2006

Bakgrunn

Styresaken er skriven med utgangspunkt i tilbakerapporteringa Helse Vest har fått frå føretaka pr. 30. april 2006. Helseføretaka har i rapporteringa lagt til grunn ulike prinsipp på berekning av meiravskrivningar, og Helse Vest har no i etterkant fått innrapportert justerte tal. Pr. april utgjer denne justeringa kr 6 mill, og for året totalt vil den utgjere om lag kr 18 mill. Denne justeringa medfører at det er forskjell i resultatet i denne saka samanlikna med rapporteringa som føretaka har gitt til sine respektive styrer Denne korreksjonen er gjort for Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde. Helse Bergen har nytta reelle meiravskrivningar både i budsjett og rekneskapet og det er derfor ikkje gjort nokon korreksjon i deira tal.

Kommentarar

1. Resultat for konsernet

1.1 Resultat hittil i år

Økonomirapportering pr. april 2006

Helse Vest (føretaksgruppa)

Føretaksgruppa	Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett	I fjor	Avvik i fjor
Regnskapsmessig resultat	-382,8	-252,5	-130,2	-266,2	-252,5
Meiravskrivningar strukturfond og kortare levetider	108,4	114,4	-6,0	110,2	-1,8
Pensjon	62,3	62,0	0,2	0,0	62,3
Resultatmåling eigar	-212,1	-76,1	-136,0	-156,0	-56,1
Korreksjon for meiravskrivningar på investeringar 2002-2005	30,3	30,3	0,0	30,3	0,0
Resultatmåling Helse Vest	-181,8	-45,8	-136,0	-125,7	-56,1

Føretaksgruppa har pr. april eit samla negativt resultat på kr 212,1 mill og eit negativt budsjettavvik på kr 136 mill når ein legg til grunn eigar sitt prinsipp for resultatmåling. I dette avviket ligg det inne kr 6 mill som skuldast at reelle meiravskrivningar blir lågare enn føresett i budsjettet. Når ein tar omsyn til meiravskrivningar på investeringar i perioden 2002-2005 viser resultatet eit underskot på kr 181,8 mill.

Dette er ei forverring i resultatet målt mot i fjor på kr 58,6 mill. Situasjonen er urovekkende og det vil bli gitt ei nærmare utgreiing under kommentarane til kvart av helseføretaka.

I tabellen under blir resultatavvik på rekneskapsmessig resultat og resultatmålinga i Helse Vest vist pr. helseføretak. Forskjellen i budsjettavvika mellom desse to resultatmålingane skuldast at korreksjon for meiravskrivningar (strukturfond og kortare levetider) blir berekna med basis i reelle tal. Dei reelle tala er lågare, jfr. kommentar i avsnittet ovanfor. Kommentarane vil i rapporten være basert på resultatmålinga i Helse Vest.

Resultat pr. foretak akkumulert pr. april 2006

Føretak	Rekneskapsmessig resultat			Resultatmåling Helse Vest *)				
	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik	I fjor	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-103,6	-62,9	-40,8	-63,0	-18,7	-44,3	-46,4	-16,6
Helse Fonna HF	-46,9	-38,3	-8,6	-14,2	-4,5	-9,7	-9,4	-4,8
Helse Bergen HF	-215,3	-146,4	-68,9	-116,6	-47,7	-68,9	-51,8	-64,8
Helse Førde HF	-56,8	-35,9	-20,9	-27,8	-5,8	-22,0	-25,8	-2,0
Apoteka Vest HF	1,3	-3,7	5,0	1,3	-3,7	5,0	-2,3	3,6
Helse Vest IKT	1,8	-1,4	3,1	1,8	-1,4	3,1	0,0	1,8
Kjøp av helsetenester	48,8	61,5	-12,8	48,8	61,5	-12,8	22,6	26,2
Helse Vest RHF	-12,0	-25,6	13,6	-12,0	-25,6	13,6	-12,6	0,6
Sum føretaksgruppa	-382,8	-252,5	-130,2	-181,8	-45,8	-136,0	-125,7	-56,1

*) Resultat justert for meiravskrivningar strukturfond og kortere levetid, pensjon og meiravskrivning på investeringar 2002-2005

Pr. april har alle helseføretaka negative budsjettavvik. Det største resultatavviket finn vi i Helse Bergen som no ligg kr 68,9 mill etter budsjett. Deretter følgjer Helse Stavanger som har auka det negative resultatavviket til kr 44,3 mill. Helse Førde har eit negativt resultatavvik på kr 22 mill og i Helse Fonna er avviket kr 9,7 mill. Apoteka Vest har pr. april eit positivt resultatavvik på kr 5 mill medan Helse Vest IKT har eit positivt avvik på kr 3,1 mill. På kjøp av helsetenester er det eit negativt avvik på kr 12,8 mill medan administrasjonen i Helse Vest har eit positivt avvik på kr 13,6 mill. Avvika blir nærare omtala under kommentarane til kvart av føretaka.

Rapporteringa pr. april viser store avvik og den økonomiske situasjon er krevjande i høve til å nå resultatmåla. Balansekravet for 2006 er absolutt, og det er derfor nødvendig å jobbe vidare med ytterlegare tiltak i 2006. Administrasjonen i Helse Vest har tett oppfølging av dei føretaka som rapporterer betydelige avvik. Det vert her satt fokus på risiko og tiltak for å sikre resultat i tråd med budsjett

1.2 Prognose

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2006	Budsjett 2006	Rekneskap i fjor	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-146	-146	-63	0	-83
Helse Fonna HF	-109	-101	-84	-8	-25
Helse Bergen HF	-356	-356	-397	0	41
Helse Førde HF	-140	-120	-105	-20	-35
Apoteka Vest HF	0	0	0	0	0
Helse Vest IKT	0	0	-10	0	10
Kjøp av helsetenester	184	184	200	0	-16
Helse Vest RHF	-74	-74	-49	0	-25
Sum føretaksgruppa	-641	-614	-508	-27	-133
Meiravskrivingar	325	343	354	-18	-11
Pensjon	187	186	0	1	187
Resultatmåling eigar	-129	-85	-154	-45	43
Meiravskrivingar invest. 02-05	91	91	91	0	0
Resultat justert for meiravskr.	-38	6	-63	-45	25

Det er berre Helse Førde og Helse Fonna som rapporterer om negativt resultatavvik for året. Budsjettavviket knytt til meiravskrivingar skuldast at anleggsmiddel i opningsbalansen fell vekk raskare enn det som var føreset i budsjettet. Dette inneber at korreksjonsposten for meiravskrivingar blir lågare og budsjettavviket større.

Utviklinga pr. april viser at resultatprognosen for året kan være svært krevjande og det er derfor stor usikkerheit knytt til prognosen. Sjå elles kommentarane under kvart helseføretak.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

Sintef har no fastsett førebels ISF avregning for 2005 og oversendt denne til dei regionale helseføretaka. I omgrupperingsproposisjonen som var vedtatt i desember blei førebels anslag på ISF inntekta til Helse Vest auka med kr 38 mill som følgje av informasjon om endra registreringspraksis. Det viser seg at registreringspraksisen har vore noe lågare og i førebels avrekning er denne meirinntekta estimert til kr 23 mill. Dette er kr 15 mill lågare enn det Helse Vest har lagt til grunn for inntektsføringa i 2005. Då rekneskapen for 2005 er avslutta vil denne justeringa måtte takast inn i 2006 rekneskapet. Denne informasjonen var ikkje kjent ved rapportering av apriltala slik at ISF-avrekninga må innarbeidast i komande rapportering etter at oppgjeret er ferdig avstemt.

Effekt av endra registreringspraksis kan og tyde på at ISF prisen for 2006 er satt for høgt. Forholdet er omtalt i revidert nasjonalbudsjett. På same måte som for 2005 vil avvik frå føresetnaden bli korrigerert i det endelige avrekningsoppgjeret. Det ligg såleis ein risiko i inntektsføringa av ISF for 2006, men førebels er det usikkert kor stor denne effekten vil bli. Her vil og registreringspraksis for 2006 ha innverknad på ISF inntekta, og denne kan i prinsippet slå begge veier.

Fleire av helseføretaka både i helseregion vest og i landet elles, har påpeikt at den nye DRG grupperar gir færre DRG poeng med same aktivitetsnivå. Sintef har derfor gjort ei førebels analyse for å kartlegge effektar på pasientregionnivå. Det blir her vist til at refusjonsregelprosjektet ser ut til å være tilnærma budsjettnøytralt på landsbasis. Omfordelinga er oppsummert i følgjande kategoriar:

• Reduksjon i refusjon for korttidsopphald	kr	- 101 mill
• Auke i lantidsliggare	kr	+ 41 mill
• Brannskade	kr	+ 5 mill
• Anna	kr	+ 55 mill
Sum		<u>tilnærma 0 mill</u>

Det er gjort ei rekke større endringar i systemet frå 2005 til 2006. Endringane gjeld nye refusjonsreglar og endring i DRG-logikk og kostnadsvektar. Sintef understrekar derfor at det er for tidleg å seie heilt konkret kva effektane blir då ein er avhengig av å få avslutta ISF oppgjeret for 1. tertial. Det er samtidig påpekt at den nye grupperingslogikk vil gi omfordelingseffektar mellom det enkelte helseføretak. Alle helseføretaka med unntak av Helse Førde har tatt opp dette problemet i rapporteringa pr. april. Det er førebels uklart korleis desse omfordelingseffektane vil bli handtert. Administrasjonen vil derfor kome tilbake med informasjon om konsekvensane for det enkelte HF så snart vi har nødvendig kunnskap.

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samandragsrapport pr.: **APRIL 2006**

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år		2005		2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	79 842	7,6 %	83 519	7,8 %	87 759	9,1 %	241 781	241 781	0
ISF	250 849	23,8 %	252 243	23,7 %	332 910	34,5 %	700 180	700 180	0
Rammetilskot	680 224	64,6 %	684 990	64,2 %	513 505	53,3 %	2 108 647	2 108 647	0
Andre inntekter	42 088	4,0 %	45 627	4,3 %	30 045	3,1 %	134 642	134 642	0
Sum driftsinntekter	1 053 003	100,0 %	1 066 379	100,0 %	964 219	100,0 %	3 185 249	3 185 249	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	180 031	17,1 %	154 235	14,5 %	117 086	12,1 %	465 111	465 111	0
Løns- og personalkostnader	766 947	72,8 %	769 009	72,1 %	725 353	75,2 %	2 251 092	2 251 092	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskriving	167 069	15,9 %	159 337	14,9 %	166 957	17,3 %	486 023	475 300	10 723
Sum driftsutgifter	1 114 047	105,8 %	1 082 582	101,5 %	1 009 396	104,7 %	3 202 225	3 191 502	10 723
Driftsresultat ekskl. meiravskriving	-61 043	-5,8 %	-16 202	-1,5 %	-45 177	0	-16 976	-6 253	-10 723
Netto finans	-1 989		-2 500		-1 234		-7 500	-7 500	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-63 032		-18 702		-46 411	0	-24 476	-13 753	-10 723
- Meiravskriving	23 426		27 000		24 667		70 277	81 000	-10 723
- Pensjon	17 164		17 164				51 500	51 500	
Resultat	-103 622	0	-62 866	0	-71 078	0	-146 253	-146 253	0

Helse Stavanger har pr. april eit negativt resultatavvik på kr 44,3 mill. I dette avviket er kr 3,6 mill knytt lågare korleksjon på meiravskrivingar. Årsaka til resultatavviket skuldast både lågare inntekter og høgare kostnader. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 13,4 mill. I basisramma er det eit negativt avvik på kr 4,8 mill som knytte seg til LAR, TNF hemmar og nasjonalt kompetansesenter for bevegessjukdom. Dette avviket vil bli redusert når midlane blir fordelte. Negativt avvik på ISF inntekt er samansatt av eit positivt avvik på behandling av eigne pasientar ved andre regionar (men dette har ei enda høgare kostnadsside) og eit negativt avvik som følgje av ny DRG grupperer. Denne er estimert til å vere kr 6,5 mill pr. april og for året vil den utgjere om lag kr 19 mill i reduserte inntekter. Det er og eit negativt avvik på poliskliniske inntekter med kr 3,7 mill som først og fremst er knytt til psykiatrisk klinikk og klinikk for spesialmedisin.

På kostnadssida er det eit samla negativt avvik på kr 31,5 kor hovudtyngda av avviket er knytt til kostnadsgruppa varekostnader. Innafor kjøp av helsetenester er det eit avvik på kr 11,3 mill som knytt seg til behandling av føretakets pasientar ved andre regionar. Her mottar ein 44 % ISF men må betala 80 % ISF til det helseføretak som behandlar pasienten (jfr. kommentaren ovanfor). I tillegg er det avvik på vareforbruk med kr 11,8 mill. Avviket ligg i første rekke på Klinikk for Kreft- og blodmedisin og Klinikk for spesialmedisin. Ein viktig årsak er nye effektive medikament til høy kostnad. Estimert meirforbruk ligg på om lag kr 20 mill for året. I tillegg har ny kompetanse og endra praksis ført til auka bruk av kostbare implantat, spesielt innan smertebehandling. Avviket på andre driftskostnader skuldast nedskriving av gamal CT maskin (kr 3 mill) og avsetning for tap på krav med kr 1 mill.

Helse Stavanger har rapportert ein resultatprognose som er lik budsjett før korreksjon for meiravskriving. Etter at resultatet er justert for reell meiravskriving knytt til strukturfond og kortare avskrivingstid, viser resultatprognosen eit negativt avvik på kr 10,7 mill. Helse Stavanger har identifisert ei auka resultatutfordring på om lag kr 81 mill. Samtidig har dei utarbeida ei tiltakspakke som har ein samla effekt på kr 41 mill. Helse Stavanger arbeider no vidare med tiltak for å lukke det resterande gapet på kr 40 mill og styrer såleis mot eit resultat som er i tråd med budsjett.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -06	Hittil i år		2005	Prognose	Heile året		2005
		Plan -06	Avvik			Plan	Avvik	
Somatikk								
Sjuehusopphald	14 734	15 120	-386	14 475	43 748	43 748	0	41781
Dagkirurgi/dagbeh.	10 881	10 508	373	8 929	30 251	30 251	0	28785
DRG-poeng	18 537	18 802	-265	18 296	55 368	55 368	0	54554
Pol. konsultasjonar	68 123	73 402	-5 279	64 982	216 872	216 872	0	187364
Psykatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	25 592	35 530	-9 938	32 390	70 378	106 590	-36 212	90935
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 776	6 800	-5 024	6 657	4 884	20 400	-15 516	13050
Pol. konsultasjonar	22 629	19 848	2 781	24 071	62 230	59 545	2 685	71831

Produksjon målt i DRG poeng er 265 poeng lågare enn budsjett. I budsjettet for DRG produksjon ligg det inne ein større del av årsproduksjon i perioden januar til april enn det som var tilfellet i fjor. Dette vil utlikne seg over året og det er førebels grunn til å tru at produksjonsmålet vil bli nådd for året.

Samanlikna mot tilsvarande periode i fjor er det ei auke i DRG produksjon på 1,3 %. Helse Stavanger har anslått den negative effekt av ny grupperar til å være om lag 2,7 % slik at den reelle aktivitetsauken er derfor høg (om lag 4 %).

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	34 947	5,8 %	38 817	6,5 %	37 974	7,0 %	107 856	111 726	-3 870
ISF	123 812	20,7 %	129 398	21,6 %	177 022	32,6 %	368 988	376 245	-7 257
Rammetilskot	408 709	68,4 %	401 875	66,9 %	311 727	57,4 %	1 202 354	1 183 596	18 758
Andre inntekter	29 990	5,0 %	30 332	5,1 %	16 798	3,1 %	88 751	89 093	-342
Sum driftsinntekter	597 458	100,0 %	600 422	100,0 %	543 521	100,0 %	1 767 949	1 760 659	7 290
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	71 519	12,0 %	70 793	11,8 %	55 799	10,3 %	208 174	206 007	2 167
Løns- og personalkostnader	435 859	73,0 %	435 480	72,5 %	402 285	74,0 %	1 271 344	1 263 189	8 155
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	102 350	17,1 %	98 298	16,4 %	94 605	17,4 %	296 682	290 463	6 219
Sum driftsutgifter	609 728	102,1 %	604 570	100,7 %	552 689	101,7 %	1 776 200	1 759 660	16 540
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-12 269	-2,1 %	-4 149	-0,7 %	-9 168	-1,7 %	-8 251	999	-9 250
Netto finans	-1 905		-334		-276		-2 571	-1 000	-1 571
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-14 175		-4 482		-9 444	0	-10 822	-1	-10 821
- Meiravskrivning	23 583		24 667		24 667		70 749	74 000	-3 251
- Pensjon	9 110		9 110				27 332	27 332	
Resultat	-46 868	0	-38 259	0	-34 111	0	-108 903	-101 333	-7 570

Resultatavviket i Helse Fonna er pr. april 9,7 mill dårlegare enn budsjett. I dette avviket er kr 1,1 mil knytt til lågare korreksjon på meiravskrivningar. Resultatavviket skuldast både lågare inntekter og høgare kostnader enn budsjettet. Inntektene viser eit negativt avvik på kr 3 mill. Polikliniske inntekter viser eit negativt avvik på kr 3,9 mill. Det kan synast som om budsjettmålet er satt noko for høgt, men føretaket har no satt fokus på polikliniske inntekter for å sikra at ein når målet. ISF inntektene viser eit negativt avvik kr 5,6 mill. Dette skuldast eit lågare volum både på dag og døgnbehandling. I tillegg er det ein negativ effekt som følgje av ny DRG grupperar. Basisramma viser eit positivt avvik på kr 6,8 mill. Dette skuldast hovudsakeleg opptrappingsplanen for psykiatri som er overført frå i fjor. Posten har ein tilsvarande kostnadsside.

På kostnadssida er det eit overforbruk på kr 5,2 mill. Hovudårsaka til avviket ligg på andre driftskostnader. Avviket er knytt opp mot opptrappingsplan psykiatri kor unytta midlar frå 2005 er overført til 2006. Avviket må sjåast opp mot auka inntekt i basisramma.

Prognosen for året viser no eit negativt resultatavvik på kr 10,8 mill. Avviket skuldast redusert ISF inntekt som følgje av ny DRG grupperar samt lågare polikliniske inntekter. I tillegg gir korreksjon for reell meiravskrivning knytt til strukturfond og kortare levetid eit ytterlegare negativt avvik på kr 3,3 mill.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -06	Hittil		2005	Prognose	Heile året		
		Plan -06	Avvik			Plan	Avvik	2005
Somatikk								
Sjukehusopphald	8 861	9 019	-158	8 540	26 356	26 356	0	25 405
Dagkirurgi/dagbeh.	4 100	4 478	-378	4 584	12 942	12 942	0	12 656
DRG-poeng	9 497	9 920	-423	9 695	28 152	28 812	-660	28 297
Pol. konsultasjonar	30 305	32 778	-2 473	28 672	95 836	95 836	0	90 709
Psykiatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	21 978	23 174	-1 196	23 398	67 775	69 275	-1 500	67 882
Opphaldsdagar, dagpasientar	2 110	2 222	-112	2 183	6 300	6 605	-305	6 695
Pol. konsultasjonar	13 948	13 585	363	13 047	39 000	38 300	700	38 613

Aktiviteten målt i DRG viser eit negativt avvik på 423 poeng. Avviket skuldast både lågare aktivitet på sjukehusopphald og dagkirurig/dagbehandling. Det negative avviket på DRG poeng for året skuldast forventa effekt av endring i DRG vektinga med tilhørande reduksjon i ISF inntekta.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

APRIL 2006

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	128 214	7,2 %	125 625	7,2 %	144 956	8,8 %	357 811	357 811	0
ISF	370 348	20,7 %	360 911	20,6 %	515 573	31,2 %	1 058 032	1 058 032	0
Rammetilskot	1 179 176	66,1 %	1 171 495	66,7 %	924 261	55,9 %	3 518 389	3 518 389	0
Andre inntekter	107 287	6,0 %	97 860	5,6 %	68 143	4,1 %	320 089	320 089	0
Sum driftsinntekter	1 785 025	100,0 %	1 755 891	100,0 %	1 652 933	100 %	5 254 321	5 254 321	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	322 936	18,1 %	292 336	16,6 %	267 895	16,2 %	864 340	864 340	0
Løns- og personalkostnader	1 299 880	72,8 %	1 278 348	72,8 %	1 176 980	71,2 %	3 736 374	3 736 374	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	269 301	15,1 %	232 910	13,3 %	256 122	15,5 %	713 601	713 601	0
Sum driftsutgifter	1 892 117	106,0 %	1 803 594	102,7 %	1 700 997	102,9 %	5 314 315	5 314 315	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-107 093	-6,0 %	-47 704	-2,7 %	-48 064	-2,9 %	-59 994	-59 994	0
Netto finans	-9 544		-2		-3 728		-5	-6	1
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-116 637		-47 705		-51 792	0	-59 999	-60 000	1
- Meiravskrivning	70 356		70 356		68 466		211 068	211 068	0
- Pensjon	28 333		28 333				85 000	85 000	0
Resultat	-215 326	0	-146 394	0	-120 258	0	-356 067	-356 068	1

Helse Bergen har pr. april eit negativt resultatavvik på kr 68,9 mill. Inntektene viser eit positivt avvik på kr 29,1 mill, medan det på kostnadssida er eit overforbruk på kr 88,5 mill. Det positive avviket på ISF inntekt og polikliniske inntekt skuldast ein høgare aktivitet enn føresett i budsjettet. Av det positive avviket på ISF inntekt skuldast kr 5 mill endring i periodisering av budsjettposten implantatrefusjon.

Varekostnad medikament har pr. april eit negativt avvik på kr 17,9 mill. Avviket skuldast høg aktivitet samt auka bruk av cytostatika og andre kreftmedikament. Endring i standardbehandling for hyppige kreftformar vil gje eit overforbruk i forhold til budsjett på kr 15-20 mill for året. Resterande del av avviket på gruppa varekostnad er knytt til kjøp av offentlege helsetenester og private helsetenester. På lønskostnader er det eit negativt avvik på kr 21,5 mill. Avviket heng delvis saman med eit høgare aktivitetsnivå pr. første tertial.

Avviket på driftskostnader utgjer totalt kr 36,4 mill. I dette avviket ligg det eit meirforbruk på kost lokalar med kr 15,7 mill. I dette avviket er knapt kr 7 mill knytt til energi. Resterande del av avviket skuldast vedlikehald og ombyggingar som har vore nødvendig å gjennomføre tidligare enn budsjettføresetnaden. Deler av dette avviket vil derfor bli redusert gjennom året. Det er likevel ein risiko for at budsjettavviket ikkje vil kunne bli lukka heilt. Under andre driftskostnader ligg det og inne eit negativt avvik på avskrivningar med kr 7 mill og leie av utstyr med kr 2,1 mill. Den resterande del av avviket skuldast ikkje fordelt innsparingskrav og driftskostnader som og har ein motsvarande inntektspost. Fordeling av innsparingskrava er no fordelt og blei gjort gjeldande med verknad i budsjettet frå og med 1. mai.

Den overordna risikovurderinga av budsjettet er hovudsakeleg knytt til følgjande faktorar:

- Utvikling i aktivitet inkludert pasientstraumar
- Medikamentkostnader, særleg innan kreftbehandling (estimert meirkostnad ca kr 20 mill)
- TNF-hemmar
- Effekt av ny DRG grupperar (Helse Bergen har estimert effekten til om lag kr. 20 mill)
- Ombygging/nødvendig påkostning
- IKT kostnader
- Lønnsoppgjjer
- Effektivitetsutvikling (tilpassing av bemanningssituasjonen til aktiviteten)
- Rusomsorg (overtaking av kostnadsansvaret for kjøp av gjesteplassar)

Innsparingskrava for å nå budsjettbalanse er som nemnd innarbeida i budsjettet frå og med 1. mai. Helse Bergen har førebels ikkje endra årsprognosen og styrer derfor framleis etter eit budsjett i tråd med resultatkravet.

2.4.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -06	Hittil		2005	Prognose	Heile året		2005
		Plan -06	Avvik			Plan	Avvik	
Somatikk								
Sjukehusopphald	36 225	35 984	241	34 941	106 321	106 321	0	104125
Dagkirurgi/dagbeh.	14 152	14 192	-40	13 172	31 118	31 118	0	39818
DRG-poeng	29 201	28 997	204	28 648	85 670	85 670	0	83618
Pol. konsultasjonar	104 199	99 490	4 709	99 490	289 637	289 637	0	289696
Psykatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	45 108	41 144	3 964	43 812	124 512	124 512	0	131551
Opphaldsdagar, dagpasientar	4 761	4 059	702	4 445	10 315	10 315	0	12699
Pol. konsultasjonar	25 582	26 485	-903	24 851	75 440	75 440	0	71942

Talet på DRG poeng ligg framleis over budsjett med 204 poeng. Talet på DRG poeng har vore lågare i april slik at den auken ein så i første kvartal no er redusert. Det er særleg aktivitet innan døgnbehandling og dagbehandling at aktiviteten er høg, medan aktiviteten innan dagkirurgi ligg 154 opphald under budsjettet. Aktiviteten målt i sjukehusopphald er 1284 høgare enn i fjor. Talet på polikliniske konsultasjonar ligg 4709 over både budsjett og fjoråret.

Aktiviteten innan vaksenpsykiatrien er høgare enn planlagt når det gjeld opphaldsdøgn og opphaldsdagar. Det er framleis eit stort overbelegg, spesielt på sjukehusavdelingane. Aktiviteten innan barne- og ungdomspsykiatrien er lågare enn planlagt både når det gjeld opphaldsdøgn, opphaldsdagar og polikliniske konsultasjonar. Den polikliniske aktiviteten har vore redusert grunna 5 vakante stillingar. Desse er no under tilsetjing.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

APRIL 2006

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år		2005		Heile året				
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	27 492	5,6 %	27 302	5,6 %	31 061	6,9 %	80 951	80 951	0
ISF	95 281	19,5 %	97 066	19,9 %	135 639	30,1 %	288 805	288 805	0
Rammetilskot	344 069	70,3 %	343 185	70,3 %	267 484	59,4 %	1 031 714	1 029 714	2 000
Andre inntekter	22 905	4,7 %	20 786	4,3 %	16 475	3,7 %	65 815	61 815	4 000
Sum driftsinntekter	489 747	100,0 %	488 339	100,0 %	450 659	100,0 %	1 467 285	1 461 285	6 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	68 236	13,9 %	60 277	12,3 %	67 627	15,0 %	191 452	186 452	5 000
Løns- og personalkostnader	361 479	73,8 %	346 155	70,9 %	320 281	71,1 %	1 061 927	1 033 927	28 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	86 986	17,8 %	86 893	17,8 %	87 969	19,5 %	263 747	268 361	-4 614
Sum driftsutgifter	516 701	105,5 %	493 325	101,0 %	475 877	105,6 %	1 517 126	1 488 741	28 386
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-26 954	-5,5 %	-4 986	-1,0 %	-25 218	-5,6 %	-49 841	-27 456	-22 386
Netto finans	-890		-600		-547		-3 400	-1 900	-1 500
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-27 844		-5 586		-25 764	0	-53 241	-29 356	-23 886
- Meiravskrivning	21 337		22 667		22 667		64 014	68 000	-3 986
- Pensjon	7 656		7 656				22 969	22 969	
Resultat	-56 837	0	-35 909	0	-48 431	0	-140 224	-120 325	-19 900

Helse Førde har eit negativt resultatavvik pr april som utgjer kr 22,3 mill. I dette avviket ligg det inne kr 1,3 mill i lågare korreksjon for meiravskrivning som følgje av reell meiravskrivning knytt til strukturfond og kortare levetid. Samla inntekter ligg kr 1,4 mill over budsjett medan driftskostnader er kr 23,4 mill høgare enn budsjett.

Avviket på driftskostnader skuldast mellom anna eit overforbruk på varekostnad med kr 8 mill. Det vesentligaste av dette avviket skuldast høgare kostnader på medikament og implantat. Det er ikkje ein auke i pasientvolumet som tilseier dette overforbruket. Helse Førde arbeider no med å implementere nytt lagersystem som vil vere i drift frå hausten slik at ein får betre oversikt på kostnadane. Det ligg og inne eit avvik på kr 1 mill knytt til høgare kostnad på kjøp av gjestepasienttenester.

Lønnskostnadane viser eit meirforbruk på kr 15,3 mill pr. april. Overforbruket ligg her på faste stillingar, medan variabel løn har ei innsparing. Ein del av årsaka til avviket skuldast høgare sjukefråvær. Samtidig er det brukt fleire stillingar enn bemanningsplanane tilseier. Det blir no arbeidd med å finne årsaka til desse avvika. I tillegg er tiltaksplan for justering av tenestetilbod (kr 13 mill) ikkje iverksett. Styret i Helse Førde vil fatte endeleg vedtak på dette i junimøtet. I tillegg er tiltak ”vikarpool” (kr 3,7 mill) og moderniseringsarbeid (kr 6 mill) ikkje satt i verk pr. dags dato.

Under andre driftskostnader ligg det eit negativt avvik på kr 4 mill som følge av høgare kostnad på IKT, men dette må sjåast mot eit positivt avvik på avskrivningar.

Helse Førde har no ei resultatprognose for året som er kr 23,9 mill dårlegare enn budsjett. I dette avviket ligg det inne kr 4 mill lågare korreksjon for meiravskrivning som følge reelle tal knytt til meiravskrivning på strukturfond og kortare levetid. Risikoen i resultatprognosen er hovudsakeleg knytt til kostnadssida. Avviket på kostnadene skuldast forsinka iverksetting av tiltaksplan for justering av tenestetilbod. I tillegg ligg det an til ein høgare kostnad på kjøp av gjesteplassar i andre regionar samt høgare kostnader på IKT området enn føresett i budsjett. På den andre sida vil avskrivningar bli om lag kr 15 mill lågare enn budsjett. Samla sett vil kostnadene vere kr 24 mill høgare enn budsjett, medan inntektene vil vere kr 6 mill høgare enn budsjett. I tillegg vil det vere eit negativt avvik på rentekostnader på kr 1,5 mill og ein lågare korreksjon for meiravskrivning som samla sett gir eit avvik på tilnærma kr 24 mill.

Administrasjonen i Helse Vest vil følgje opp resultatutviklinga i Helse Førde og vil i møte den 12/6-06 gjennomgå status på økonomi, risiko og tiltak som er planlagt for å bidra til å lukke budsjettavviket for året totalt.

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -06	Hittil		2005	Prognose	Heile året		2005
		Plan -06	Avvik			Plan	Avvik	
Somatikk								
Sjukehusopphald	6 777	6 843	-66	6 829	20 000	20 000	0	19852
Dagkirurgi/dagbeh.	2 818	2 549	269	2 655	7 551	7 551	0	7868
DRG-poeng	7 307	7 424	-117	7 505	22 068	22 068	0	21871
Pol. konsultasjonar	33 057	33 282	-225	34 425	97 121	97 121	0	96775
Psykatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	11 746	10 504	1 242	11 561	33 570	31 770	1 800	33661
Opphaldsdagar, dagpasientar	670	535	135	285	1 400	1 400	0	886
Pol. konsultasjonar	11 450	10 850	600	10 834	29 050	29 050	0	29427

Produksjonen på dagkirurgi/dagbehandling har vore høgare enn budsjett medan sjukehusopphald har vore no lågare enn budsjett. Det har vore mindre av dei tyngste opphalda som inneber at DRG produksjonen er lågare enn budsjett. Helse Førde har i 1. tertial omorganisert pasientsystemet slik at ein no framstår som ein samla institusjon. Dette gir 161 færre DRG poeng enn gamal organisering. Det er søkt om kompensasjon for dette og HOD har nå gitt melding til Sosial- og helsedirektoratet om at dette blir gjennomført. På den annen side gir den nye grupperaren ein positiv effekt på ca 148 DRG poeng for Helse Førde. Aktiviteten innan psykiatri er høgare enn budsjett og er høgare enn i fjor.

2.6 Helse Vest IKT AS

Samandragsrapport pr.: APRIL 2006

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	108 093	100 %	105 000	100 %	313 817	313 817	0
Varekostnader	11 353	10,5 %	13 333	12,7 %	40 000	40 000	0
Løns- og personalkostnader	21 612	20,0 %	24 854	23,7 %	67 802	67 802	0
Andre driftskostnader	73 095	67,6 %	67 954	64,7 %	204 759	204 759	0
Sum driftsutgifter	106 060	98,1 %	106 141	101,1 %	312 561	312 561	0
Driftsresultat	2 033		-1 141		1 256	1 256	0
Netto finans	-276		-250		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar							0
Resultat	1 757		-1 391		256	256	0

Resultatet i Helse Vest IKT viser pr. april eit positivt avvik på kr 3,1 mill. Avviket på driftsinntekter er samansatt av både positive og negative avvik. Inntekter relatert til helseføretaka ligg kr 1,7 mill lågare enn budsjett. Inntekter knytt til sal av utstyr ligg og under budsjett. Avviket heng saman med periodisering av inntektsbudsjettet, men og det forhold at helseføretaka søker å redusere IKT kostnadene i 2006 og såleis reduserer innkjøpet. På den positive sida ligg det ei ekstra inntektsføring knytt til Nasjonal IKT og Norsk Helsenett. Desse inntektene har og ei tilsvarande kostnadsside.

Personalkostnadane har positivt avvik pr. april, kor kr 1 mill skuldast aktiverte prosjektkostnader. Det negative avviket på driftskostnader skuldast hovudsakeleg kostnader til Nasjonal IKT og Norsk Helsenett, jfr. inntektsavviket.

2.6 Apoteka Vest HF

Samandragsrapport pr.: APRIL 2006

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	173 719	100 %	166 359	100 %	150 199		476 000	476 000	0
Varekostnader	136 954	78,8 %	131 633	79,1 %	120 802	80,4 %	381 000	381 000	0
Løns- og personalkostnader	26 834	15,4 %	29 652	17,8 %	25 031	16,7 %	73 000	73 000	0
Andre driftskostnader	8 797	5,1 %	8 850	5,3 %	6 886	4,6 %	22 350	22 350	0
Sum driftsutgifter	172 585	99,3 %	170 135	102,3 %	152 719	101,7 %	476 350	476 350	0
Driftsresultat	1 134		-3 776		-2 520		-350	-350	0
Netto finans	205		67		189		350	350	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	1 339		-3 709		-2 331		0	0	0

Apoteka Vest har pr. april eit positivt resultatavvik på kr 5 mill. Driftsinntektene har eit positivt avvik på kr 7,4 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 2,5 mill. Avviket på varekostnader skuldast auka aktivitet på sal. Det positive avviket på lønskostnader på kr 2,8 mill heng saman med at estimert lønnsoppgjær for 2006 er periodisert med verknad frå 1/1-2006. Det positive avviket vil derfor gradvis bli redusert ut over året.

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragsrapport pr.: **APRIL 2006**

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	203 783	4,7 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	919 082	21,1 %	908 991	22,1 %	2 706 955	2 706 955	0
Rammetilskot	3 231 539	74,2 %	3 199 278	77,9 %	9 688 249	9 688 249	0
Andre inntekter	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
Sum driftsinntekter	4 354 404	100,0 %	4 108 269	100,0 %	12 395 204	12 395 204	0
Varekostnader	4 237 861	97,3 %	3 981 832	96,9 %	12 016 731	12 016 731	0
Løns- og personalkostnader	9	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
Andre driftskostnader	67 778	1,6 %	64 897	1,6 %	194 768	194 768	0
Sum driftsutgifter	4 305 648	98,9 %	4 046 729	98,5 %	12 211 499	12 211 499	0
Driftsresultat	48 756		61 540		183 705	183 705	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære poster	0		0		0	0	0
Resultat	48 756		61 540		183 705	183 705	0

Kjøp av helsetenester har pr. april eit negativt resultatavvik på kr 12,7 mill. I dette avviket ligg det inne eit avvik knytt til gjestepasientar private med kr 4 mill. Basert på det endelege kostnadsnivået i 2005 kan det synast som om denne budsjettposten ligg om lag kr 1 mill for lågt kvar månad. I tillegg er det eit negativt avvik på gjesteplassar rusbehandling på kr 7 mill. Det har vore ein jamn vekst på kjøp av gjesteplassar innan rusbehandling og for å få ein meir heilskapeleg styring innan området vil betalingsansvaret no bli lagt ut i helseføretaka frå og med 1. juni 2006. Det blir her vist til sak om revidert budsjett som vert lagt fram i møtet den 20/6-06. Det ligg og eit negativt avvik på kr 2,2 mill knytt til utanlandsbehandling (Ebeltoft). Delar av denne kostnaden gjeld perioden framover og avviket vil såleis ikkje eskalera seg i same takt. Helse Vest har mottatt rekningar frå private lab/røntgen institutt for om lag kr 4 mill som ikkje er bokført pr. april. Desse blir no gjennomgått og kostnaden blir bokført i mai månad. Det er ein risiko i det samla budsjettopplegget, og for å ta opp i seg desse forholda er det budsjettert med ein reservepost. Ein legg derfor til grunn at prognosen for året vil kunne haldast på same nivå som budsjettet.

2.8 Helse Vest RHF administrasjon

Samandragsrapport pr.: **APRIL 2006**


REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	56	0	56	0	0	0
Løns- og personalkostnader	8 959	11 571	-2 612	32 047	32 047	0
Andre driftskostnader	7 612	14 390	-6 778	42 874	42 874	0
Sum driftsutgifter	16 627	25 961	-9 334	74 921	74 921	0
Driftsresultat	-16 627	-25 961	9 334	-74 921	-74 921	0
Netto finans	4 676	400	4 276	1 215	1 215	0
Ekstraordinære poster	0	0	0	0	0	0
Resultat	-11 951	-25 561	13 610	-73 706	-73 706	0

Helse Vest administrasjon har eit positivt resultatavvik på kr 13,6 mill ved utgangen av april. I dette avviket ligg det kr 4,2 mill som skuldast høgare rentenetto. På driftskostnader er det eit positivt avvik på kr 9,3 mill. Fleire stillingar står vakante medan budsjettet er fordelt over heile året. Det positive avviket vil såleis bli redusert når stillingane er bemanna. I tillegg er det positivt avvik på driftskostnader. Store deler av avviket er knytt til kjøp av eksterne tenester. Det er førebels ikkje gjort nokon systematisk vurdering av avsetningane til prosjektkostnadane og det er venta at budsjettavviket ikkje vil eskalere seg i same takt ut over året når ein mottar rekningar for pågåande og avslutta prosjekter. Prognosen blir vidareført på same nivå som budsjettet.


3 LIKVIDITET

Likviditeten vil gradvis forverre seg gjennom 2006 på grunn av KLP reguleringspremie, etterslep på investeringar samt resultatutviklinga i føretaka. Helse Vest har ei samla trekkramme på konsernkonto på kr 1,3 mrd. Med basis i dei prognosane som helseføretaka rapporterer pr. april vil forventna overtrekk være tilnærma kr 1,2 mrd ved utgangen av året. Helse Vest vil gjennomgå prognosen til kvart av føretaka i samband med rapporteringa pr. mai og med utgangspunkt i dette ta stilling til om det er nødvendig å søkje om auka driftskreditramme.



4 PERSONALSTATISTIKK


4.1 Sjukefråvær



Det blir fortsatt arbeidd med å få opp kvaliteten på data i løns- og personalkuben. Det er særleg data frå siste månad som viser seg å vere unøyaktig. Dette heng delvis saman med registreringspraksis kor sjukefråværet på siste månad har ein tendens til å vere for låg. Tala viser likevel ein nedgang i sjukefråværet samanlikna med utgangen av 2005.


4.2 Månadsverk

4.2.1 Månadsverk Helse Stavanger




Talet på netto månadsverk i Helse Stavanger har dei siste månadene vore stabilt og er ved utgangen av april 4464. Dette er ein svak nedgang i frå talet på månadsverk ved utgangen av 2006. Kostnader til fast løn ligg under budsjett medan variabel lønn ligg over budsjett. Samla løns og personalkostnader ligg ved utgangen av april kr 2,1 mill lågare enn budsjett.

4.2.2 Månadsverk Helse Fonna HF



Talet på månadsverk i Helse Fonna er ved utgangen av april 2415. Utviklinga dei siste månadene har vore negativ og talet på månadsverk ligg no 76 høgare enn april i fjor. Helse Fonna har positivt avvik på fast løn men negativt avvik på variabel løn. Samla lønskostnad er tilnærma i tråd med budsjett som følgje av eit positivt avvik på kostnad pensjon.


4.2.3 Månadsverk Helse Bergen HF



Talet på månadsverk i Helse Bergen er 7583 ved utgangen av april. Dette er 364 månadsverk høgare enn same periode i fjor. Helse Bergen hadde ei oppbemanning i slutten av 2005. Talet pr. april viser ein svak

nedgang frå mars til april. Einingane har den siste månaden vore gjennom ein prosess med budsjetttilpassing. Budsjettet er utarbeidd med føresetnad om at aktivitet og bemanning skal ned på nivå som gjennomsnitt i 2005. Føretaket ligg framleis over dette målet, og det jobbast no med tiltak for å redusere forbruket av månadsverk.. Reduksjon i bemanning med tilhøyrande lønskostnader er periodisert med verknad frå og med mai og ut året.

4.2.4 Helse Førde HF



Talet på månadsverk i Helse Førde er 2005 ved utgangen av april. Dette er 43 månadsverk høgare enn same periode i fjor. Helse Førde overtok ansvaret for ambulanspersonellet pr. april i fjor, og tala er no samanliknbare. Helse Førde har eit stor overforbruk på fast løn (22,3 mill) medan variabel løn og andre lønepostar har eit positivt avvik. Det visast her til kommentarane under økonomi.

Forslag til vedtak

1. Styret tar økonomirapport pr. 30. april 2006 til orientering
2. Styret ber administrerande direktør ha ein tett oppfølging av Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Førde i forhold til vedtekne budsjett for 2006.